



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
23/193320-2

Dykkar referanse:
23/7141 – 23/80077

Vår dato:
13.11.2023

Uttale til søknadspliktig tiltak – oppføring av bustadhus – gnr. 185 bnr. 88 Isdal – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, datert 17.10.2023.

Saka gjeld søknad om oppføring av tomannsbustad på gnr. 185 bnr. 88, Isdal.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommunedelplan Knarvik – Alversund 2019 – 2031 er definert som bustad.

Arealet ligg innafor omsynssone kulturminne Isdalgardane og bandleggingssone for ny E39 i Kommunedelplanen. Alver kommune opplyser at tiltaket krev dispensasjon frå plankrav, jfr. KDP, føresegn 2.2.

Til denne saka gjev Statens vegvesen uttale som sektormynde med ansvar for trafikktryggleik. Statens vegvesen har og sektoransvar for historiske vegar og vegmiljø.

Uttale

Eigedomen gnr. 185 bnr. 88 er vist som bustadområde i KPA og tiltaket krev dispensasjon frå plankrav.

Den Trondhjemske postvei går gjennom dette området. Statens vegvesen har vurdert tiltaket både i høve til dette kulturminnet og i høve til bandleggingssone for E39. Vi kan ikkje sjå at oppføring av tomannsbustad som omsøkt er i konflikt med dei interessene vegvesenet som sektormynde skal ivareta.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
0000

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak i saka oversendt for klagevurdering.

Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER